

Region Nordhordland Helsehus IKS - Styret si årsmelding 2016

Type verksemd og lokalisering

Region Nordhordland Helsehus IKS er eit interkommunalt selskap eigd av kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Selskapet har kontor i Knarvik. Selskapet skal planlegga, byggja og drifta eit Region- og helsehus til offentleg tenesteyting, fortrinnsvis helse - og omsorgstenester for kommunane i Region Nordhordland.

Rekneskapsmessig resultat

Driftsrekneskapan viser eit meirforbruk på kr 82.241,-. Dette er administrasjons- og møtekostnadar. Meirforbruket vil bli dekkja inn av leigeinntektene når huset er realisert. Investeringane i 2016 er kr 9.313.626,-. Dette er kostnader med skisseprosjektet og forprosjekt til prosjektleiing, ARK og Rådgjevande ingeniør. Totalt er det no investert kr 30.621.143 i prosjektet. Styret meiner at årsrekneskapan gir eit rettvisebilde av selskapet sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Aktivitet

Selskapet har i 2016 arbeidd med fleire revisjonar av skisseprosjektet. Det har her vore ein grundig og tett brukarprosess med leigetakarane og brukarrepresentantar. Det har også vore jobba mykje med ulike problemstillingar i grensesnittet mellom bygget og allmenningen og kommunal infrastruktur som påverkar byggeprosjektet. M.a. er det laga ei moglegheitsstudie for naboeigedomane i sør. Arbeidet med å få på plass ein utbyggingsavtale med Lindås kommune er i slutfasen og rammesøknad er sendt til kommunen. Forprosjektfasen vart avslutta ved månadsskiftet mars/april 2017, og leigeavtalane vert handsama av leigetakarane før sommaren 2017.

Likestilling/HMS

Selskapet har ingen fast tilsette pr. 31.12.2016. Styret består av 2 kvinner og tre menn. Det er ikkje sett i verk særskilte likestillingstiltak.

Påverknad av det ytre miljø

Selskapet har ikkje vore til last for det ytre miljø. Aktuelle problemstillingar vert fylgd opp i prosjektet.

Grunnlag for fortsatt drift

Etter styret si vurdering er det grunnlag for fortsatt drift av verksemda.

Knarvik, 22. mai 2017



Håkon Matre
Styreleiar



Torbjørn Nævdal
Styremedlem / nestleiar



Solfrid Olsen Farestveit
Styremedlem



Rita Tveiten
Styremedlem



Steinar Hunskaar
Styremedlem



Rune Heradstveit
Dagleg leiar